



Frida Nybakk, Joachim Myklebust og Sunniva E. Myklebust fekk ein DVD kvar

Hobbyklubben i Bedehuset har hatt avslutning på sesongen og leiar Tore Mathiesen hadde ein DVD-spelar som premie til dei 3 som har vore flinkast til å nytta refleks denne vinteren.

Det var Frida Nybakk, Joachim Myklebust og Sunniva E..Myklebust. Det var ikkje mogeleg å rangere desse - dei hadde vore like flinke. Truleg vert det ein ny refleksaksjon til hausten

Frammøtet til Hobbyklubben har variert noko, frå eit snitt på vel 20 før nyttår via 15 etter nyttår og ned til 10 i kveld då dei sette punktum for sesongen.

Men Tore Mathiesen er godt forhøgd med frammøtet totalt sett og finn det naturleg med sesongvariasjonane.

Aktivitetane har vore avis, mat, hobby, elektronikk og bil men leiaren ser ikkje bort frå at nye kan bli introdusert frå hausten. Det vert sesong nummer 7 for klubben, men det er ikkje noko som tyder på at den er svekka av alderdom.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Stol-leikar er alltid populære